

FORSKRIFTER TIL NY BARNEHAGELOV

Uttale til høringsnotatet frå Sula kommune

Kommentarar til dei ulike punkta:

1. Forskrift om norm for pedagogisk bemanning

1.2. Forslag til forskrift om norm for pedagogisk bemanning

.....-det vises for øvrig til loven §18 femte ledd med hensyn til at bemanning i barnehagen må være **tilstrekkelig** til at personalet kan drive en

Vi meiner at **tilstrekkelig** er eit for diffust ord. Kven skal avgjere kva som er "tilstrekkelig"? Klargjering

1.2.1. Norm for pedagogisk bemanning

1.2.1.1 Gjeldande rett

Vi meiner at det er uklart kor stor ei gruppe er. Er det her snakk om 7-9 barn med heile plassar eller er det delte plassar?

I familiebarnehagar skal det etter forskrifta vere ein førskulelærer pr. 30 barn. Her er det ikkje nemnt pedagogisk leiar. Vi ønsker færre barn pr. pedagogisk leiar (ikkje førskulelærer).

1.2.1.2

Her ønsker Sula kommune ei spesifisering: Hensiktsmessig med 18 barn pr. pedagog dersom størsteparten har heile plassar. I grupper med mange delte plassar må barn pr. pedagog reduserast, dvs ei nedre grense på 14-15 barn.

Når det gjeld omsyn til barnehagen si opningstid og antal barn, meiner vi at forskrifta er for lite konkret.

Vi ønsker også klargjort korleis barnehagane skal forholde seg ved opningstid over 9 timar m.o.t. organisering, planlegging, rettleiing.

1.3. Styrers administrasjonstid

"Tilstrekkelig tid" er diffust og kan slå svært uheldig ut. Det må vere nemnt ei minimumstid til administrasjon, rekna ut frå barnetal og årsverk. Kva er ein stor og ein liten barnehage?? Klargjer!

Siste avsnitt i 1.3.2. om at styrar si administrasjonstid og leiing kjem i tillegg til normen til pedagogisk bemanning er bra.

BARNE- OG FAMILIEDEP.	KASS AR.
ARKIVNR.: 330.1	
23 NOV 2005	
SAKSBEH:	SIGN.:
SAKSNR.: 200502756	

- 117

1.3.3.2 Dispensasjon frå pedagognormen må innvilgast av fylkesmannen og ikkje av kommunen. (Bukken og havresekken).

Vi meiner det at er positivt at SU skal uttale seg i slike saker.

2.3. Personale som arbeider i barnehagen på nattestid

Barnehage på nattestid skal også vere eit pedagogisk tilbod. Pedagogisk leiar må ha ansvaret for rettleiing og planlegging også her. (ped.leiar treng ikkje vere fysisk til stade)

3.3. Forslag til forskrift om saksbehandlingsregler for opptak i barnehage, gitt med hjemmel i barnehageloven §12 annet ledd

Styrarane i Sula kommune meiner at her er det mykje bra.

Men, her er forskrifter som det kan vere vanskeleg å overhalde. M.a. at ved supplerande opptak skal søkjarar i opptakskrinsen med lovfesta prioritet som ikkje vert tilbydd plass underrettast skrifteleg om at ein ledig plass vert tilbydd ein annan. Dette vert vanskeleg å overhalde og bør løysast på annan måte.

3. 4. Forskrift om familiebarnehager

Mykje bra her.

Sula kommune er likevel ueinige i bemanningsnorm på 30 barn pr. førskulelærer.

Vi ønsker ein pedagogisk leiar til eit mindre antal barn.

Er 30 barn heile eller delte plassar?

6.7. Forslag til forskrift om politiattest, gitt med hjemmel i barnehageloven §19.

§2. Krav om politiattest

"..... Med den som skal arbeide i barnehage menes alt barnehagepersonale som har ulike arbeidsoppgaver i barnehagen, personer som innehar (vår endring:) *vikariater*, vikarer tilknyttet en mer etablert vikarordning, sivilarbeidere og andre som skal ha arbeidstilknytning til barnehager (vaktmester m.fl.)

Med helsing frå

styrarar ved kommunale og private barnehagar i Sula kommune



Mariann Båtnes
konsulent